



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no

## Møteprotokoll

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Tysdag 12. februar  
**Møtetid:** 19:10 – 21:45  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Desse møte:**

Jan Magne Breivik, Svein Løwe, Oddmund Arne Varhaugvik, Anja Helen Otterlei, Eva-Beate Opskar Nybø, Kristian Finn Risung, Geir Ove Tangen, Inga Sølvi Korsvik Melby (kom etter avtale noko seinare)

**Vidare møte:**

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjevevje)

**Forfall meldt:**

Gro Merete Hoksnes, Audhild Mork, Ingunn Hjelmås

**Permisjon:**

Inger Kristine Kjellnes

**Innleiingsord:** Kristian Finn Risung (i staden for Ingunn Hjelmås)

### SAKSLISTE

**Godkjenning av innkalling**

Godkjent

**Godkjenning av sist møtereferat**

Godkjent

**SFR 01/2019: Kyrkjeval**

Det må settast opp ei liste med namn til kyrkjevalet 2019, minst 13 namn, og det må veljast ei valnemnd. Det er også kome tilbod om valkurs frå Molde Domprosti den 7. februar som nokon av oss bør vere med på.

**Delvedtak frå AU til orientering:**

Leing sokneråd, kyrkjevevje og helst også nokre andre frå soknerådet, blir med på valkurset. Kyrkjevevje sender ut invitasjon til soknerådsmedlemmane og tek i mot påmelding.

**Innstilling til SFR:**

Soknerådet i sin heilheit blir satt som valnemnd/nominasjonskomité, og alle er solidarisk ansvarleg for få på plass namn på minst 13 personar som vil stå på liste for kyrkjevalet 2019. Det oppfordrast også til at noverande sokneråd stille seg disponibel for attval. Dette vil i så fall lette arbeidet med å få fylt opp ei valliste, og ikkje minst for kontinuiteten for soknerådet og denne sitt arbeid.

### **Kommentarar SFR**

Sittande SR som ikkje stille seg på liste for ei ny periode, blir nominasjonskomité.

Vi får med folk på Orten til å kunne stille seg på liste da Orten innlemmast i Aukra kommune i 2020.

Jan Magne Breivik ønskjer ikkje stille til ei ny periode.

Svein Løwe kan, om folket vil det, stille seg disponibel til ny periode.

Anja Helen Otterlei tenkjer ikkje stille ei ein ny periode.

Eva-Beate Opskar Nybø kan stille seg disponibel til ei ny periode.

Oddmund Varhaugvik ønskjer ikkje stille til ei ny periode.

Inga Sølvi Korsvik Melby ønskjer ikkje stille til ei ny periode.

Nominasjonskomité bør kome saman snarast råd. Dei som ikkje er spurd om å stille til ei ny periode, må spørjast også snarleg.

Om soknerådet skal reduserast frå 8 til 6 medlemmar, er fristen for å melde endring om dette 1. mars. Dette med tanke på at det kan vere vanskeleg å få 8 namn (+5 vara) på ei liste for val.

Om det blir fleire enn 13 namn på lista, må dei takast godt vare på dei som ikkje kjem inn i soknerådet og brukast på ein god måte for kyrkja.

### **Vedtak SFR**

Jan Magne Breivik spør resterande medlemmar som ikkje har svar enno.

Soknerådet vedtek å fortsette med 8 medlemmar (+ 5 vara).

### **SFR 02/2019: Lokasjon for SFR-møter**

Det er tidlegare kome synspunkt på at nokre møter også bør kunne leggest til Julsundet.

Kva er intensjonen? Er det tankar for kva lokalitetar som skal nyttast? Julsundet skole, Mevoldtunet, eller andre? Kor mange møter som skal leggest til Julsundet, og når passsar det best for dei av medlemmane i soknerådet som bur der?

### **Innstilling til SFR:**

Soknerådet må gje uttrykk for kva intensjonen er for også å ha nokre av SFR-møta på Julsundet, vurdere fordelar og ulemper ved ei slik løysing, og eventuelt deretter kome med forslag og vedtak på lokasjon og dato for møte der, eller vedta møteplan som oppsett med lokasjon KLH.

### **Kommentarar SFR**

Mevoldtunet er antakeleg gratis å bruke. Dette må undersøkjast. De av medlemmane som er frå fastlandet bør få moglegheit til sjølv å gje kommentarar og å meine noko om dette.

Det er inkluderande å kunne også legge nokre av møta dit.

### **Vedtak SFR**

Saka utsettast til neste møte da ingen av dei frå fastlandet er på dette møte.

### **Referatsaker:**

#### **SFR 10/2018: Tur til Moldova - MUG (Misjon Uten Grenser)**

Det er kome et brev frå Peder Nedreliid om status for arbeidsgruppa som var oppnemnt for eventuell tur til Moldova for å besøke og sjå misjonsprosjektet vårt i Cantemir i Moldova, og forslag til endring og supplerings for arbeidsgruppa og for denne sitt arbeid vidare framover.

Arbeidsgruppa bestod av Peder Nedrelid, Evy Marie Tofte og Jonathan Risung. Evy er som kjent diverre fråverande pga skade, Jonathan hadde ikkje anledning, og det er berre Peder att i arbeidsgruppa. Peder ønske seg to nye personar som kan tre inn i gruppa, og nemner Svein Løwe som ein god kandidat.

Vi har spurd Svein Løwe som seier at han kan tre inn i arbeidsgruppa, og at han og Peder Nedrelid saman finn ut vidare kor vidt fleire skal vere med i gruppa og vegen vidare fram.

#### **Innstilling til SFR:**

Svein Løwe trer inn i arbeidsgruppa for tur til Moldova, og at han og Peder Nedrelid saman finn ut vidare kor vidt fleire skal vere med i gruppa og vegen vidare fram, og det må vere i regi av eit sterkt samarbeid med MUG om dette.

#### **Kommentarar SFR**

Det er fint om ein også får til litt meir vedr misjonsprosjektet, det å kunne samle inn klede og utstyr og få sendt til Moldova. Det er allereie kome inn noko. Det må planleggast kor ein skal oppbevare dette samt handtera dette vidare, også for at dei som gjer veit at dette handterast på ein god måte.

Referatsaken blir tatt til etterretning og kjem som eiga sak til neste møte.

### **Orienteringssaker:**

#### **AU 01/2019: Møteplan for sokne- og fellestrådet (SFR) 2019**

Frank H. Vestad har satt opp ei møteplan for SFR der det er tatt omsyn til tidspunkta for kommunerådsmøta.

AU føretok mindre endringar for nokre datoar, samt at tidspunkt for AU-møte i utgangspunktet blir endra frå dagtid til kveld frå kl 20-22. Sistnemnte grunna at Jan Magne Breivik i stor grad vil ha problem med å kunne møte på dagtid.

#### **Vedtak i AU:**

Møtedatoar for AU og SFR møter for 2019 blir vedtekne ut i frå vedlagde oppsett.

Orienteringssak til SRF.

#### **Kommentarar SFR**

Soknerådet ønskjer å endra møteplana med følgjande:

SFR-møte oppsett til den 3. sept. vert framskunda til den 28. august, samt møte oppsett den 8. oktober vert utsett til den 15. oktober.

Dette leggjast fram som sak til neste møte.

#### **AU 02/2019: Opphør permisjon – Inga Sølvi Korsvik Melby**

Etter å ha fått dei nye oppsette møtedatoane for SFR-møta, og i kombinasjon med si etterutdanning, har Inga Sølvi Korsvik Melby gjeve tilbakemelding på at ho kan vere fullverdig medlem att.

#### **Vedtak i AU:**

Inga Sølvi Korsvik Melby trer inn i soknerådet som fullverdig medlem att.

Orienteringssak til SRF.

#### **AU 03/2019: Prosjektstatus**

Vedr brannsløkkingsanlegg, kan kyrkjevevje ta kontakt med Norconsult for å få ein pris på konsulentbistand for å få i gong arbeidet med dette. Det er avgrensa til ei øvre grense til kr 100 000,- før ein må inn med anbodskonkurransen når det gjeld rådgjeving og konsulenthjelp.

Når det gjeld elektro-magnetisk ringesystem for kyrkjeklokkene, må sakshandsamar i Bispedøme purrast på, og også høyre om han veit om det er andre leverandørar til slike system for at ein skal kunne samanlikne ulike tilbod.

**Vedtak i AU:**

Kyrkjeverje tek kontakt med Norconsult for å få ein pris på konsulentbistand vedr brannsløkkingsystem, samt purre på sakshandsamar i Bispedøme vedr saksstatus på vår søknad på nytt ringesystem, og høyre bl.a. om det er andre reelle leverandørar for prissamanlikning.

Orienteringssak til SRF.

**Kommentarar SFR**

Når det gjeld elektro-magnetisk ringesystem, må det settast press på saksbehandlar i Bispedøme, og gje frist til å kome med eit vedtak, for eksempel på 14 dagar. Om ikkje vedtak kjem innan fristen, kan dette tolkast som ei aksept.

Kyrkjeverje ringer sakshandsamar Harnes på måndag 18. februar, spør om status, og gjer ein frist på ei uke derfrå til å kome med eit vedtak.

Vedr konsulentteneste på brannsløkkingsanlegg bør det innhentast minst to prisar for dette for samanlikning og kontroll.

**AU 04/2019: Økonomi 2018 / budsjett 2019**

Det stipulerast eit meirforbruk for 2018 på mellom kr 200 000 – 250 000. Dette heng saman med ekstra lønskostnader for tidlegare kyrkjeverje, samt at vedlikehaldskostnaden på altarringen i kyrkja er ført på driftsrekneskapen. Det er stadfesta at denne kostnaden må førast på drift og ikkje mot investering. Vi må difor frå tidlegare tildelte prosjektmidlar som står på plasseringskonto, få overført over til driftskonto for å tole denne kostnaden. Rådmannen har tidlegare gjeve løyve til å bruke frå tildelte prosjektmidlar til dette.

Kyrkjeverje har fått foreløpige rekneskapstal for 2018, og har i den samanheng satt opp eit korrigert og meir finpusa budsjett for 2019. Dette vart raskt gjennomgått.

**Vedtak i AU:**

Kyrkjeverje følgjer opp mot kommunen som fører rekneskap at vedlikehaldskostnadene for 2018 vedr altarringen blir dekt opp og overført frå prosjektmidlar til driftsrekneskapen.

Kyrkjeverje gjer beskjed til kommunen å legge det framlagde budsjett som preliminært inn i rekneskapssystemet slik at dette kan korrigerast og endrast på eit seinare tidspunkt.

Orienteringssak til SRF samt at foreløpig rekneskap for 2018 og korrigert budsjett for 2019 framleggast for SFR i eit enklare oppsett.

**Kommentarar SFR**

Høyre med kommunen korleis dei bereknar grunnlaget for tilskot for andre trussamfunn, om bl.a. rekneskap for kyrkjegarden blir medteke. Dette bør i så fall trekkas ut da kyrkjegarden jo også er kommunens ansvar.

Kyrkjeverjen legg fram eit endeleg budsjett som leggst fram for vedtak når rekneskapen for 2018 er ferdig.

**AU 05/2019: Trusopplæring 2019**

Trusopplærar Evy Marie Tofte er langtidssjukt, og vi veit ikkje kor tid ho er i arbeid att. Vi veit meir om status på dette nærare april. Det må følgjast opp fristar til diverse rapporteringar. Vi bør også tenkje på å få inn vikar for å drive trusopplæringsarbeidet.

**Vedtak i AU:**

Kyrkjeverje og prest følgjer opp fristar for rapporteringar, samt undersøker om kor vidt det er mogleg å få inn ein vikar for trusopplæringsarbeid.  
Orienteringssak til SRF.

**Kommentarar SFR**

Er det mogleg å få inn ressursar for trusopplæringsarbeid for nokre av aktivitetane som er planlagd, slik som bl.a. Kode B.

**AU 06/2019: Revidering reglar om utleige av kyrkja og kyrkjelydshuset**

Det bør sjåast på eksisterande utleigereglar og revidere desse med omsyn til at det også må på plass timesatsar ved kortare møter eller samkomer som ikkje gjer belegg på lokala heile dagen. Det er også kome førespurnad om å låne KLH framfor kyrkja av ei gruppe som til no har lånt kyrkja til gudstenester. Skal også nokon sleppe å betale leige for KLH, så som kor, foreiningar, eller andre, utan at det blir ytt noko tilbake?

**Vedtak i AU:**

Kyrkjeverje førebur sak til neste møte, og kjem med ei forslag til endring.  
Orienteringssak til SRF.

**AU 07/2019: Utsifting av omnar i kyrkja**

Det bør skiftast ut alle omnane i kyrkja. Omnane er gamle og farlege på grunn av varme og at dei ikkje har vern mot denne. Det har også kome inn ein melding frå ein barnehage som var på besøk i kyrkja føre jul om at eit av barna brende seg noko på ein av omnane. Dei er mest sannsynleg heller ikkje økonomisk forsvarleg i forhold til energiforbruk.

**Vedtak i AU:**

Det meinast at det eksistera eit vedtak frå tidlegare på dette, men foreslår her å få anbod/pris på utsifting av omnar saman med prosjekt om lyssettinga generelt i kyrkja, og at kyrkjeverje legg dette fram til eit seinare møte.  
Orienteringssak til SRF.

**Kommentarar SFR**

Trekke inn ENØK og KA for å vite meir om vegen vidare, og om ekstern konsulentteneste også må på plass her. Også informere og høyre med kommunen, eventuelt omprioritering av prosjektmidlane.

Frank H. Vestad (sign.)  
Kyrkjeverje